

Møteinkalling

Utval: **Jostedalsbreen nasjonalparkstyre**

Møtestad: Aabrekk gard, Oldedalen, Aabrekk

Dato: 27.08.2018

Tidspunkt: 16:00

Velkommen til styremøte med overnatting og synfaring i Oldedalen!

Vi samlar oss i god tid før kl. 16.00 (obs: ny tid!) på Aabrekk gard, sjå gjerne www.aabrekgard.no

Det blir noko lett mat og kaffi til møtestart, og god middag etter møtet. Vi har tinga overnatting med frukost og nistesmøring, hugs å ta med drikkeflaske og thermos. Gode kle, dagstursekk og sko er også viktig. Synfaringa langs stien til Kattanakken er ein flott fjelltur, men ein bør være i grei form. Det vil være høve til å snu undervegs.

Turen er, av Indre Nordfjord Turlag, omtalt slik: *Kattanakken er fjellryggen mellom Briksdalsbreen og Kjøttabreen på den eine sida, og Melkevollsbrean på den andre sida. Vi har mykje vill og vakker natur i Indre Nordfjord, men denne oppstigninga til Jostedalsbreen overgår nok det aller meste. I all sin dramatiske villskap, har naturen her likevel vore raus nok til at ein smal, men trygg sti kan krongle seg oppover mot iskanten. Personar med utprega høgdeskrekk vil nok ikkje like seg på dei luftigaste passasjane. Turen tek 8-10 timer, minnet om turen varer livet ut.*

Einar Målsnes og hans vara frå Balestrand, Hanna Menes, har meldt forfall. Eventuelle ytterlegare forfall må meldast raskt til Maria på tlf. 93664256.

Vararepresentantar møter elles etter nærmere beskjed.

Vel møtt!

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 22/18	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 23/18	Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 24/18	Orienterings- og drøftingssakar		
	<ol style="list-style-type: none"> 1. Velkommen til Bente Støa, ny forvaltar for det neste året. 2. Statens naturoppsyn v/ Anne Rudsengen gir feltrapport frå sommarsesongen. 3. Vestlandsforsking med prosjekt i Oldedalen og teljar i Briksdalen, referat frå møte og oppfølging. 4. Status på Bødalselva og fleire elver i verneområdet etter stor smelting og nedbør, mogeleg synfaring her, ev Brenndalen. 5. Flaumras på sauetråkk på Fosnes, referat frå synfaring. 6. NINA på feltarbeid for sårbarheitsvurderingar, ref. frå synfaring. 7. Offisiell nedlegging av grunnstein på Tungestølen og møte med turlaget. 8. Referat frå møte på Brævasshytta om forhold ved Bøyabreen. 9. Sakshandsamingstid og hastesaker. 10. Møtedato i oktober og november. 11. Status på tiltak i nasjonalparken: <ol style="list-style-type: none"> a. Toalett i Supphelledalen b. Stirydding Bøyadalen - Kvitevardane c. Brubygging i Haugadalen d. Driftevegprosjektet i Sunndalen e. Infoskilt langs nasjonal turistveg f. Analyse for Kattanakken 		
RS 18/18	Synfaring vedrørende catskiing og klimatiltak på Stryn Sommerskisenter		2018/2675
RS 19/18	Request Filming National Geographic Series in Jostedalsbreen		2018/2631
RS 20/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - notat om førespurnad om drone		2018/2617
RS 21/18	Fråsegn til endra søknad om dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen for bygging av gangveg på sørsida av Briksdalselvi mellom Kleivane		2016/3321
RS 22/18	Konfliktrådet - orientering om motteken sak		2017/3618

RS 23/18	Drone filming permits – Xavi, Gran Canaria	2018/2435
RS 24/18	Nye skilt og stativ langs Skållestien - søknad og bilet	2018/2603
RS 25/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - oppattmerking av stiar / istandsetting av stiar ved Bødalssetra og Kjenndalen i Loen - Stryn kommune	2018/828
RS 26/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - søknad om landingsløyve for helikopter ved Bødalssetra	2018/2282
RS 27/18	Stein i stien	2018/2640
DS 1/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til helikopter for frakt av proviant, saltstein, m.m. til Vetledalsseter - Marie-Johanne Folven	2018/2562
DS 2/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til avgrensa dronebruk i samband med filmproduksjon - Nordisk Film as	X 2018/2134
DS 3/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - ds - avslag på søknad om flyging med drone - Lars Ulrik Farlov-Qvist	2018/2563
DS 4/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - avslag til droneflyging i nasjonalparken - Kristian Gude	2018/2379
DS 5/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - avslag på søknad om bruk av drone over motbakkeløpet Skåla Opp - Joytech	2018/2611
ST 25/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til helikopter for prøvetaking i samband med nasjonal innsjøundersøking	2018/2453
ST 26/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - uttak av steinprøver for geologisk forsking - Høgskulen på Vestlandet	2018/2643
ST 27/18	Jostedalsbreen nasjonalpark - fleirårig løyve til redning på bre, øving med helikopter - Jostedalen alpine redningsgruppe	2017/2959

Eventuelt

ST 22/18 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 23/18 Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll

ST 24/18 Orienterings- og drøftingssakar

RS 18/18 Synfaring vedrørande catskiing og klimatiltak på Stryn Sommerskisenter

RS 19/18 Request Filming National Geographic Series in Jostedalsbreen

RS 20/18 Jostedalsbreen nasjonalpark - notat om førespurnad om drone

RS 21/18 Fråsegn til endra søknad om dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen for bygging av gangveg på sørsida av Briksdalselvi mellom Kleivane

RS 22/18 Konfliktrådet - orientering om motteken sak

RS 23/18 Drone filming permits - Xavi from Gran Canaria

RS 24/18 Nye skilt og stativ langs Skålastien - søknad og biletet

RS 25/18 Jostedalsbreen nasjonalpark - oppattmerking av stiar / istandsetting av stiar ved Bødalassetra og Kjenndalen i Loen - Stryn kommune

RS 26/18 Jostedalsbreen nasjonalpark - søknad om landingsløyve for helikopter ved Bødalassetra

RS 27/18 Stein i stien

DS 1/18 Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til helikopter for frakt av proviant, saltstein, m.m. til Vetledalsseter - Marie-Johanne Folven

DS 2/18 Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til avgrensa dronebruk i samband med filmproduksjon - Nordisk Film as

DS 3/18 Jostedalsbreen nasjonalpark - ds - avslag på søknad om flyging med drone - Lars Ulrik Farlov-Qvist

DS 4/18 Jostedalsbreen nasjonalpark - avslag til droneflyging i nasjonalparken - Kristian Gude

DS 5/18 Jostedalsbreen nasjonalpark - avslag på søknad om bruk av drone over motbakkeløpet Skåla Opp - Joytech



Arkivsaksnr: 2018/2453-0

Saksbehandler: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 08.08.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	25/18	27.08.2018

Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til helikopter for prøvetaking i samband med nasjonal innsjøundersøking

Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjev, med heimel i punkt 4.3, tredje strekpunkt, i verneforskrifta, løyve til Miljødirektoratet v/oppdragstakar for nasjonal innsjøundersøking, for å nytte helikopter for gjennomføring av feltarbeid i samband med vassprøvetaking.

Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

- 1) Motorferdsla avgrensar seg til det som er strengt naudsynt for å gjennomføre planlagt vassprøvetaking på ein tilfredsstillande måte.
- 2) Motorferdsel skal gå føre seg på kvardagar og løyvet gjeld i tidsrommet 1. september til 1. desember 2018. Ved dårlege værforhånd kan forvaltar utvide tidsrommet.
- 3) Det vert gjeve skriftleg tilbakemelding til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre etter målinga, gjerne med generelle observasjonar av dyreliv e.a. frå områda.

Vi gjer merksam på at NVE og treng løyve frå aktuelle grunneigarar, då de allereie har fått løyve frå Luster kommune. Jølster kommune har saka til handsaming.

Saksopplysningar

Dokument i saka

- Søknad frå NIVA v/Liv Bente Schanke datert den 19.07.2018 med tilleggsinformasjon pr e-post m-a- 8. august og på telefon.
- Løyve frå Luster kommune datert 16.07.2018
- Verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Naturmangfoldlova
- Forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark



Søknaden

NIVA v/ Liv Bente Skancke søker Jostedalsbreen nasjonalpark om løyve til å lande med helikopter på to vatn innanfor verneområdet. Følgjande er skildring av prosjektet frå søknaden:

Effektar av ureina luft og nedbør på vassressursar skal no følgjast opp gjennom ei undersøking av om lag 1000 innsjøar i heile Noreg. For effektiv gjennomføring av denne undersøkinga har NIVA fått i oppdrag frå Miljødirektoratet å innhente landingsløyve for helikopter i eit utval av innsjøane som eit forprosjekt. Prøva vil bli teken frå lufta eller ved at helikopter med pontongar landar på innsjøen, og prøvetakinga vil såleis gå raskt. Prøva vil bli henta fra omrent midt i innsjøen. Det skal kun takast ei prøve frå kvar innsjø, men for å sikre godt flygevær og effektiv logistikk er det ynskjeleg med eit løyve som gjeld for tidsrommet frå 1. september 2018 og fram til 1. desember 2018.

NIVA, på vegne av Miljødirektoratet, søker med dette om å få nytte helikopter til vassprøvetaking. Løyvet må kunne nyttast av den oppdragstakaren som skal gjennomføre prøvetakinga. Søknaden gjeld følgjande innsjø(ar):

NIVA-kode	innsjønamn	NVE vatn nr	UTM nord	UTM East	UTM zone
1431-2-26	HOH 1308	29516	6825612	375734	32

I tillegg søker dei om Røykjedalsvatnet, NVE vatn nr. 29447 i Luster. Det første vatnet er i Jølster.

Søkjar gjer merksam på at oppdragstakar enno ikkje er avgjort grunna pågåande anbodsprosessar, men at NIVA søker på vegner av den framtidige oppdragstakar grunna korte tidsfrister. Det er Miljødirektoratet som lyser ut anbodet og som er øvste ansvarlege for prosjektet. NIVA v/ Liv Bente Skancke skriv: *Gjør oppmerksom på at Miljødirektoratet ikke har avgjort hvem som skal utføre selve prøvetakingen og nytte løyve.*

NIVA søker m.a. også Breheimen og Jotunheimen. Luster kommune har handsama søknaden for vatnet som er i den delen av nasjonalparken, og Jølster kommune har saka til handsaming.

Lovgrunnlag

Føremålet med nasjonalparken er:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- å gje høve til naturoppleveling gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- å verne om kulturminne og kulturlandskap.

Motorferdsle er forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta pkt. IV, 4.1. Det er likevel opning i dispensasjonsheimelen i verneforskrifta (pkt. IV, 4.3) for motorferdsel i samband med vitskaplege granskningar etter oppdrag frå granskingsinstitusjon (verneforskrifta § IV, pkt. 4.3).



Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerd korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka

Vurdering

Motorferdsel skal haldast på eit minimum, men noko motorferdsel er naudsynt. Vassdragskartlegginga vil gje verdfull informasjon om naturforhold og vasskvalitet, og er ein nødvendig del av naturovervaking iverksett av Miljødirektoratet. Kartlegginga vil bygge opp under vernet gjennom auka kunnskap. Prosjektet er ei oppfølging av tidlegare prøver frå 1990-talet då sur nedbør var ei stor miljøutfordring.

Vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

- *Kunnskapsgrunnlaget* (§ 8) når det gjeld naturmangfald og bruk av områda for planlagde målingar er vurdert som tilfredsstillande når det gjeld biologiske verdiar og det er ikkje registrert særleg sårbarle lokalitetar på denne tida nær lokalitetane i tilgjengelege databaser (Artskart og Naturbase). Helikoptertransport i avgrensa omfang på hausten vil i liten grad påverke dyrelivet eller vera til sjenanse for friluftsliv. Hekke- og rugeperioden er over for fugl, og det er ikkje villrein i dei aktuelle områda. Friluftsliv kan forekomme, men seinhaustes er ikkje toppsesong for disse områda. Påverknaden vil i hovudsak gjelde støy i eit avgrensa tidsrom.
- *Føre-var-prinsippet* (§ 9) tilseier at ein har ein streng praksis for motorferdsel i verneområde, men desse målingane er eit godt etablert tiltak med høg nytteverdi. Erfaring med tilsvarande aktivitet over fleire år viser at det er liten grunn for å frykte uføresette verknader som gjer det relevant å vise til nml § 9 i denne saka.
- Etter § 10 “Økosystemtilnærming og samlet belastning” skal eit vedtak vurderast i høve til samla påverknad/forstyrring, om eit løkke kan skape presedens, og såleis kan bidra til ei gradvis forringing av området og utholing av verneforskrifta. Denne typen målingar er knytt til eit svært avgrensa tal aktørar, og vi ikkje skape presedens for andre.
- § 11 om at «*kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver*» er ikkje relevant.
- § 12 *Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode*: Målingane vil ikkje kunne gjennomførast på ein effektiv måte utan bruk av motoriserte hjelpemiddel. Tiltaket vil ikkje setja varige spor, men gje litt støy i eit avgrensa tidsrom. Av omsyn til friluftslivet bør ikkje motorisert transport utførast på helgedagar når det normalt er størst friluftslivsaktivitet.

Med vilkåra over vurderer nasjonalparkforvaltaren at den omsøkte aktiviteten ikkje er i strid med verneføremålet.



Arkivsaksnr: 2018/2643-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 17.08.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	26/18	27.08.2018

Jostedalsbreen nasjonalpark - uttak av steinprøver for geologisk forsking - Høgskulen på Vestlandet

Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjev løyve til Høgskulen på Vestlandet v/ Deta Gasser for å ta ut steinprøver i Jostedalsbreen nasjonalpark, til geologiske undersøkingar. Løyvet gjeld sju -7- steinprøver som skildra i søknaden, langs ein prøveprofil frå Breng v/Lovatnet til Skåla. Løyvet er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48, første alternativ.

Vilkår for løyvet:

- Løyvet gjeld frå dags dato fram til 31.okt 2019.
- Det skal ikkje slåast laus Stein frå svaberg eller andre jamne flater.
- Det skal ikkje slåast laus Stein nærmare Skålastein, Skålatarenet eller Skålabu enn 30 m.
- Kvar prøve kan vere på inntil 3 kg/ 1 liter Stein.
- Det skal ikkje nyttast motorisert ferdsle eller motorisert reiskap.
- Alle prøvelokalitetane skal dokumenterast med foto (før og etter) og GPS-koordinatar. Desse skal gå fram av rapport som vert sendt til nasjonalparkforvaltninga etter at feltarbeidet er utført.

Nasjonalparkstyret føreset at grunneigarar er førepurt og har godkjent den omsøkte aktiviteten.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Søknad om å ta ut steinprøver frå Høgskulen på Vestlandet v/Deta Gasser, Åse Hestnes og Joachim Jacobs datert 15. august 2018
- Prosjektskildring (vedlegg til søknad)
- Verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Naturmangfaldlova

Søknaden



Ei forskargruppe frå Høgskulen på Vestlandet er i gang med eit prosjekt, der dei vil prøve å forstå kor tid og korleis topografien i Vest-Norge vart skapt. Her finnast det per i dag fleire hypotesar, men lite faktagrunnlag. Ein del av prosjektet handlar om «*termokronologi*» - datering av tidspunkt for avkjøling av ein bergartpakke og rekonstruksjon av avkjølinga av bergartsøya frå havnivå til toppen av fjellet.

Førebuande feltarbeid tidlegare i sommar tyder på at ein prøveprofil av stigninga frå Lovatnet til toppen av Skåla vil vere særslig eigna for desse prøvene. Prøveprofilen vil bestå av 14 prøver (prøve for kvar 150 høgdemeter), der dei sju øverste prøvene vil ligge inne i Jostedalsbreen nasjonalpark. Høgskulen søker derfor om løyve frå nasjonalparkstyret til å ta ut desse sju steinprøvene.




Fig. 1 a) Oversiktskart over prosjektområdet fra Sognefjorden til Storfjorden, med plasseringen av den vertikale prøveprofilen ved Skåla tegnet inn. b) Kart over Skåla, med ønskete prøvelokaliteter tegnet inn (14 prøver fra Lovatnet opp til Skåla, hvorav 7 er i nasjonalparken, se også Fig. 2).

I søknaden skriv forskarane at dei har prøvet å finne lokalitetar utanfor verna område, men at gradienten til Skåla er særleg god grunna den spesielle geologien. Frå søknaden:

Prøveprofil «Skåla» i Jostedalsbreen nasjonalpark: Vi gjennomførte forberedende feltarbeid i området Vadheim – Sandane – Olden – Stryn i begynnelsen av august 2018 for å identifisere egnede bergartstyper og lokalitetar for den vertikale prøveprofilen beskrevet ovenfor. Vi vurderte forskjellige alternativer utenfor Jostedalsbreen nasjonalpark, men konkluderte med at den beste plasseringen for en nær-vertikal prøveprofil hadde vært fra Lovatnet og opp til Skåla (Fig. 1b), hvor øverste delen av profilen ligger i Jostedalsbreen nasjonalpark.

Det er flere argument som peker på denne plasseringen som ideelt for formålet vårt: (1) hele fjellsiden består av bergarten kvarts-monzonitt, som er velegnet for termokronologi (i motsetning til de stripe gneisene som utgjør store deler av prosjektområdet ellers). (2) Det er 1800 høydemeter stigning på ca. 3 km distanse, og profilet er dermed så «vertikalt» som mulig uten at en må klatre, og (3) Skåla ligger nær trippel-punktet som skiller de tre store



dreneringsområdene Nordfjord, Sognefjord og Ottadalen og ligg dermed nærmest et mulig senter for topografisk hevning.

Kvar steinprøve vil bestå av 2-3 kg / 1 liter med Stein, som vert slått laus med ein vanleg hammar. Vanlegvis vert prøvene slått laus langs allereie eksisterande sprekker. Totalt er det då snakk om 14-21 kg / 7 liter med Stein. Prøvene vert tekne frå bart fjell, og er ikkje knytt til særskilde mineralressursar. Det skal ikkje brukast motorisert reiskap eller transport. Alle prøvene vert tekne i løpet av ein dag.



Fig. 3a) Veiskjæring/blotning etter at en prøve er tatt for termokronologi. Inngrepet er knapt synlig og tilsvarer en naturlig erosjons/forvitningsprosess. **b)** Typisk termokronologi-prøve: ca 2-3 kg Stein blir tatt, i dette tilfellet ble prøven videre knust til ca. 1cm x 1cm biter.

Lovgrunnlag

Det å bryte laus Stein og mineralar er i utgangspunktet forbode i nasjonalparken. Dette står i verneforskrifta kap IV pkt. 1.1:

«[...]»

Det er forbode å bryte laus Stein, mineralar eller fossilar.[...]»

I kapittel VI i den opphavelege verneforskrifta var det heimel for forvalningsstyresmakta å gjere unntak frå vernereglane i samband med vitskaplege granskningar. No er kapittel VI erstatta av den generelle unntaksregelen i naturmangfaldlova (nml) § 48. Søknaden må derfor vurderast etter den paragrafen, nærmare bestemt første alternativ (mi understrekning)

§ 48. (dispensasjon fra vernevedtak)

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

Når ein skal vurdere ei sak etter nml § 48, må man først vurdere om vilkåra i paragrafen er oppfylt, slik at ein faktisk har heimel til å bruke regelen. Dersom vilkåra er oppfylt kan ein deretter gå vidare til ei fagleg og skjønsmessig vurdering om kor vidt ein skal gje løyve eller ikkje.



Søkjaren er sjølv ansvarleg for løyve frå grunneigarar.

Jamfør naturmangfaldlova § 7 skal alle vedtak som kan verke inn på naturmiljøet, vurderast opp mot miljørettsprinsippa i nml §§ 8-12.

Vurdering

Som skildra ovanfor her, det første ein må vurdere i «§48-saker» er om det er heimel til å gje løyve. Er vilkåra i § 48 oppfylt? Det er i so fall eit krav at tiltaket ikkje strider mot verneføremålet og at det ikkje påverkar verneverdiane nemneverdig. Verneføremålet står i verneforskrifta kap III (mi understrekning):

«*Føremålet med nasjonalparken er:*

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand [...]»

Vi ser her at geologien i nasjonalparken er ein del av verneføremålet, og at geologien derfor må takast vare på. I denne saka er det derimot snakk om å ta ut ei veldig lita mengde stein (sju liter). I ein so stor nasjonalpark med so mykje fjell kan ein ikkje seie at eit so lite uttak av stein er *nemneverdig påverknad*. Vilkåret er oppfylt og nml § 48 gjev heimel til eit eventuelt løyve.

Det juridiske grunnlaget for eit eventuelt løyve er på plass, og vidare må ein då vurdere om det er fagleg tilrådeleg å gje løyve. Generelt kan ein seie at vi i offentleg forvaltning bør vere positive til forsking og vitskap. Dette er viktige samfunnsoppgåver, ikkje minst for oss innan naturvitenskap. I dette tilfellet er det eit spanande og nyttig prosjekt, som og vil kunne gje nyttig kunnskap til Jostedalsbreen nasjonalpark. Kunnskap om korleis landskapet og geologien (som er ein del av verneføremålet) vart til.

Prøvetakinga er tenkt gjennom å slå laus små mengder stein med hammar og «handemakt». Normalt der kor det er sprekker eller liknande frå før. Det vil nok verte spor av dette, men spora vil truleg vere små, lite sjenerande og synleg berre på kort avstand. Prøvetakinga skal heller ikkje skje tett på sti, hytte eller liknande. Det skal ikkje nyttast motorferdsel eller motorisert reiskap i samband med prøvetakinga. Det verkar i det store og heile til å vere ein skånsam, gjennomtenkt og fornuftig måte å gjere vitskapleg gransking på.

Kunnskapsgrunnlaget i saka (jamfør nml § 8) er tilstrekkeleg. Søkjaren har laga ei grundig skildring over kor og korleis dette skal gå føre seg, og det er ikkje venta at tiltaket vil gå ut over sårbare naturverdiar eller verneverdiar. Føre-var-prinsippet i nml § 9 treng ikkje vektleggast. Høgskulen har valt prøvelokalitetar med omhug og vil nytte skånsame metodar for å ta prøvene, dei har også vurdert alternative lokalitetar utanfor nasjonalparken, men ikkje funnet at dei oppfyller dei vitskapege krava. Vi stiller krav om at glatte sva og berg ikkje skal hoggast i frå, og med vilkår om dokumentasjon med biletar. Nml § 12 er derfor oppfylt med god margin.

Ein bør derimot stogge litt opp ved nml § 10, som handlar om økosystemtilnærming og samla belastning av både det aktuelle tiltaket og eventuelle framtidige tiltak. Ein må då vurdere presedensverknaden av eit vedtak; får ein søkjær lov til noko, må andre seinare kunne rekne med å få tilsvarande løyve. Ein opnar her for å ta ut Steinprøver til vitskapleg arbeid, og ein



bør ta med i vurderinga at det kan kome liknande saker seinare. Men sidan det er so små mengder Stein det er snakk om, og so skånsam metode, so vil neppe denne saka skape nokon presedens som vil verte problematisk seinare. Nml § 10 er derfor vurdert og oppfylt.

Her er det snakk om små og skånsame inngrep, som vonleg vil gje spanande og nyttig kunnskap om geologien og landskapet i nasjonalparken. Nyten er, etter forvaltar si vurdering, større enn eventuelle negative verknader av tiltaket. Eit eventuelt løyve vil ha heimel i nml § 48, og er ikkje i strid med nml §§ 8-12. Forvaltar finn det derfor tilrådeleg å gje løyve.



Arkivsaksnr: 2017/2959-0

Saksbehandler: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 14.08.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	27/18	27.08.2018

Jostedalsbreen nasjonalpark - fleirårig løyve til redning på bre, øving med helikopter - Jostedalen alpine redningsgruppe

Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir løyve, med heimel i punkt 4.3, fjerde strekpunkt i verneforskrifta, til Jostedalen alpine redningsgruppe v/ Bjørn Gjelsten, i samarbeid med CHC, for å nytte helikopter til lågtflyging og ev landing med det føremål å øve på redning i bresprekk med helikopter.

Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld bruk av helikopter til lågtflyging og ev landing over Tuftebreen, sekundært Fåbergstølsbreen.
- Løyvet gjeld ein kvardag i august frå og med 2018 til og med 2021.
- Den motoriserte ferdsla skal avgrensast til det som er strengt naudsynt, og føre til minst mogleg uro. Flyginga skal ikkje skje på laurdagar, søndagar, heilagdagar og på offentlege fridagar grunna omsynet til friluftslivet.
- De må melde i frå til nasjonalparkforvaltar eller Statens naturoppsyn seinast to dagar før planlagt flyging.
- Det vert gjeve skriftleg tilbakemelding til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre etter flyginga, og om eventuelle andre observasjonar.

I saker som omhandlar motorferdsle må alltid løyve frå grunneigar og kommune også innhentast før flyging.

Saksopplysningar

Dokument i saka:



-
- Søknad om fleirårig løyve datert 26.10.17 frå Jostedalen alpine redningsgruppe v/Bjørn Hails Gjelsten og datert 19.10.17 frå CHC v/ Oddvar Hulbak
 - Tidlegare delegeringssak 4/17 datert 23.08.17
 - Verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark
 - Naturmangfaldlova

Søknaden

Frå sakshandsaminga i 2017:

Jostedalen alpine redningsgruppe v/ Bjørn Gjeldsten står som søker, og fortalte via telefon om øvinga. Ca. mellom kl. 13 og 17 på torsdag den 24. august skal redningsgruppa, bestående av maks seks personar, trenere med helikopteret frå CHC. Dette firmaet har ei kontrakt på 3 år og 3 mnd om redningsoppdrag, og tek over for SeaKing i Florø.

Helikopterselskapet treng også trening for redning på (over)bre. Dei skal også trenere på Folgefonna, men klarar å trenere der utanfor verneområdet, over skisenteret.

Justisdepartementet krev at øvinga er gjennomført før 1. september. Dei skal først trenere på nedste del av Tuftebreen i blåisen, deretter på snødekt bre litt lengre oppe. JOAR (Jostedalen alpine redningsgruppe) seier dei prøver å trenere utanfor vernegrenser dersom det er mogeleg. Dei ønskjer eit fleirårig løyve.

I rapporten frå 2017 skreiv Gjelsten og Hulbak at dei trente i Sogndalsdalen. Dei ønskjer likevel å søkje om eit fleirårig løyve for Tuftebreen, sekundært Fåbergstølsbreen. Søknaden vart stadfesta i e-post i august 2018. Forvaltar vurderte saka og gav delegert løyve i 2017, men fleirårige løyve må handsamast av heile nasjonalparkstyret.

Lovgrunnlag:

Motorferdsle er i utgangspunktet forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta pkt. IV, 4.1. Forvaltningsstypesmakta kan gje løyve til motorferdsle i samband med øving i redning frå bresprekk., jf. verneforskrifta pkt. IV, 4.3 fjerde strekpunkt. I tråd med verneforskrifta pkt. IV, 4.3 skal fylgjande leggjast til grunn for vurdering av søknaden: «*Før eventuelt løyve vert gjeve skal trangen for transport vurderast mot moglege skader og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsla til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal også vurderast.*»

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Helikopterflyginga kan påverke friluftslivet i Krundai, og august er ein tid med ein god del friluftsliv i dette dalføret. Søkjar understrekar at dette er ei naudsynt redningsøving på bre, etter krav frå Justisdepartementet, og dette må gjennomførast innan 1. september. JOAR seier at dei vil forsøke å minimere uro for folk så langt det er mogeleg. Jf nml § 12 kan ein unngå helgedagar for å minimere uro, samt prøve å informere folk i førekant.

Nasjonalparkforvaltaren meiner at vilkåra i løyvet vil redusere den avgrense påverknaden noko, men at øvinga er naudsynt, og av avgrenska karakter. Kunnskapen om naturmangfaldet er god, informasjonen er henta frå forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark og miljostatus.no (artar på raudlista, prioriterte artar, viktige naturtypar, utvalde naturtypar og



villreinområde), og i samsvar med krava i naturmangfaldlova § 8. Det er sårbart biologisk mangfold i området, men august er utanfor den sårbare perioden. Forvaltar kan, ved at løyveinnehavar melder i frå på førehand, informere via sosiale medium til folk i området at det vil foregå ei øving, slik at irritasjonen over støy i området kan reduserast noko.

Forvaltar meiner vidare at samla belastning av tiltaket (§ 10) er akseptabel, då det er lite anna motorisert ferdsla i området . Føre-var-prinsippet får difor liten vekt i saka, jf. naturmangfaldlova § 9, ei heller § 11. Det er ikkje alternative driftsmetodar for å trenre redning med helikopter enn med helikopter (§12), men dersom ein kunne lagt treninga seinare om hausten hadde det vore endå betre. Men fordi departementet krev gjennomføring før 1. september må ein ta høgde for det. Av omsyn til folk som ferdast i området, er det vilkår om at den motoriserte ferdsla skal avgrensast til det som er strengt naudsynt, og føre til minst mogleg uro.

Fordi det er direkte opning i verneforskrifta til motorisert ferdsla til dette føremålet, og med dei vilkåra knytt til løyvet, vurderer forvaltar at Jostedalen alpine redningsgruppe kan få løyve til den omsøkte aktiviteten. CHC har kontrakt på redning i to år til, difor er løyvet stila til den lokale redningsgruppa. Om det kjem inn ein annan aktør enn CHC ved neste anbodsprosess, vil framleis løyvet kunne være gyldig heile fireårsperioden.